

Bibliotek i grunnskulen

Frå og med statistikkinnsamlinga for 2007 har alle grunnskular, også dei som ikkje har eige skulebibliotek, vorte bedne om å sende inn opplysningar om bibliotektilbodet til elevane.

84,5 prosent av i alt 2972 grunnskular har rapportert om kva slags bibliotektilbod elevane fekk i 2010.

Av skulane som har svart, har 171 skular rapportert at dei ikkje har hatt eige skulebibliotek, eller at skulebiblioteket har lege nede i rapporteringsåret.

80 av skulane med skulebibliotek har ikkje levert tilstrekkeleg med data til å kome med i datagrunnlaget. Ein del av desse er kombinasjonsbibliotek med folkebibliotek. For desse inngår delar av tala i folkebibliotekstatistikken.

Bestandstal per elev var i 2010 på same nivå som i 2009, medan utlånstalet per elev viser ei auke på 6 prosent, frå 13 bøker per elev i 2009 til nær 14 bøker per elev i 2010. Skjønnlitteratur utgjør 70 prosent av bokutlånet, ein svak nedgang frå 2009. Her må ein vere merksam på at ein del grunnskular har teke med pensumbøker i utlånstala.

Mange grunnskular har lite ressursar til bibliotekarbeid, og difor kan statistikken frå grunnskulane vere mangelfull. Skilnader i datagrunnlag frå år til år kan dessutan gjere det vanskeleg å samanlikne statistikken over tid.